

**Stump røykjen!**

09.01.2015

**15. januar startar røykjesluttkurset til Frisklivssentralen og førebels har det meldt seg 2 medan 2 vurderer påmelding. Det opplyser Geir Ove Fosse til uskedalen.no  
Kurset går over 6 møter og vert leia av fysioterapeut Gunvor Teigland.**

Kursmøta vert halde i Rådhuset på tysdagar og torsdagar  
frå klokka 16 og det kostar 500 kroner å bli med.  
Det er opplegget til Helsedirektoratet som vert fylgd.

Det er vel også nokon i Uskedalen som har tenkt  
å stumpa røykjen? 99 16 99 50 er nummeret ein skal ringa  
for å melda seg på.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen